

Fjelly-treff først seinare

25.05.2011



Fjelly - får ho stort besøk i år? Biletet er tatt under det vellukka treffet i fjor.

Den kommande sundagen skulle eit energisk hyttestyre halda treff på ungdomslagshytta Fjelly ved Mannsvatnet, men slik blir det ikkje. På grunn av usikre vermeldingar er treffet utsett og leiar Randi Nybakk opplyser til uskedalen.no at dei skal freista å finna ein ny veleigna dato i sommar eller haust.

Eit tilsvarande treff i fjor vart ein stor suksess med 85 deltagarar, men det er ikkje triveleg å lokka folk til fjells under slike vertihøve som det no er grunn til å venta.

Men betasuppe står framleis på menyen!

Nybakk slår fast at slike treff er viktige ledd i marknadsføringa av hytta og av det fine fjellområdet rundt. Det dei så langt har gjort for å skapa meir blest om Fjelly har vore vellukka. Talet på overnattingsgjester har hatt stor vekst eterat fleire vart merksame på dette gunstige tilbodet, som går til alle.

Det kostar berre 75 kroner i døgnet samt 25 kroner pr. person over 10 år å bu i Fjelly! Det er sengjepllass for 14 og ein kan også nytta båt og utnytte dei gode fiskemoglegheitene. Hvis hytta er ledig, kan ein leige ho 'på sparket', presiserar Nybakk.

Fjelly vart bygd som eit pionertiltak i 1917 og er godt vedlikehalden etter restaurering i fleire omgongar. No er det måling inne og ute som står på programmet og meiningsa var å ta eit tak med dugnad denne helga. Det skulle også vera ved-dugnad.

Etter avlysinga blir det naudsynt å blinka ut

ein annan dugnadsdato eller kanskje ei kveldsstund til dugnaden.

Av Ola Matti Mathisen